



Rognaldsen Eiendom As
v/Sverre Larsen Gangstøvegen 24
5911 Alversund

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14628 - 22/95927

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
10.01.2023

Registrert feil på VA anlegg og krav om retting av avvik - gbnr 133/14 Soltveit søndre

Tiltak: Avvik i slamavskiljar
Byggjestad: Gbnr: 133/14 Soltveit Søndre
Grunneigar: Rognaldsen Eiendom

Alver kommune har den 14.12.2022 motteke melding frå NORVA 24 om at det ved tømning den 18.11.2022 vart registrert høgt nivå, skade på tanken og mykje filler/fett i tanken på eigedommen gbnr. 133/14.

Det er også registrert avvik knytt til framandelement og skade på tanken ved tømning i 2020 og i 2018.

I tilbakemeldinga frå Stendal VVS datert 09.06.2021, vert det bekrefta at det er utført reparasjon av tanken, men at reparasjonen av tanken er ei midlertidig løysing.

Ved siste tømning vart det også registrert store mengder filler/framandelement og fett i tanken dykkar. Framandelement i septiktanken kan tette utløp og røyr. Tette utløp og røyr kan føre til at kloakk finn vegen opp gjennom toalett og sluk. Dei som bur i bygget **må** få informasjon om avvika som vert registrert og kva som ikkje skal kastast i avløpet. Dette er de som grunneigar ansvarleg for.

Bileta frå Norva 24 viser forureining frå tanken til området rundt. Dette kan tyde på at framandelement tettar utløpet eller at tanken er for liten i forhold til antall bueingar / personar.

Norva 24 har også informert om at det er skade på skiljeveggane i tanken. Dette er same type skade som vart rapportert etter tømning i august 2020.

I følgje kommunen sine opplysningar har eigedommen avlaupsløysing med ein slamavskiljar på 4 m³ og utslepp til sjø.

4 m³ slamavskiljar er godkjend for bruk til 1 hus / hytte tilsvarande 5 pe.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga.

Tilstanden må utbetrast og forureininga må fjernast. Frist for arbeidet vert sett til 15.02.2023. Vi ber også om ei stadfesting av at slamavskiljaren er stor nok i forhold til antall personar / bueiningar innan same fristen.

Dersom slamavskiljaren er for liten i forhold til antall bueiningar / personar i bygget, må de kontakte eit godkjent rørleggarforetak for å få skifta ut slamavskiljaren.

Vert slamavskiljaren reparert, må rørleggarforetaket stadfeste at dette er ein varig reparasjon.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finns andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetre tilstanden, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må de kontakte eit godkjent rørleggarforetak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølv utføre arbeidet.

Når tanken er reparert må de fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sender du til:

- post@alver.kommune.no
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forureiningslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningsloven § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningsloven §§ 78 og 79.
- Plikt til å installere godkjent avløpsanlegg på eigedommen følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 12.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Melding om avvik i septiktank - gbnr 133/14 Soltveit søndre

Bilde 4

Bilde 5

Bilde 6

Skjema for tilbakemelding om utført arbeid på VA anlegg - gbnr133-14

Mottakarar:

Rognaldsen Eiendom As

v/Sverre Larsen
Gangstøvegen 24

5911 Alversund